



Mjåtveit Næringspark AS
Grønamyrsv. 2
5353 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/82 - 15/2617

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:
12.02.2015

Deling av parsell til næringsformål - eigedom 22/218 - Mjåtveit næringspark

Administrativt vedtak. Saknr: 43/2015

Søknad motteken: 14.01.2015
Søklar: Prosjektstyring Vest
Heimelshavar : Mjåtveit Næringspark AS

Saksutgreiing:

Om søknaden

Det er søkt om å dele ifrå ein parsell på 1,5 da frå eigedom 22/218. Parsellen er planlagt å nytte til formålet Lager.

Det er oppgjeve at det er privat veg fram til parsellen og at tilkomst er sikra ihht. reguleringsplan.

Planstatus

Området er regulert til Næring/industri/lager i reguleringsplan for Mjåtveit næringspark.

Det er i føresegnene til planen m.a. oppgjeve at byggegrenser ved deling skal vere 4m frå tomtegrensene, jf. § 2.1. Det er vidare oppgjeve at verksemdar ikkje kan gjevast bruksløyve før veg til tomte er ferdig opparbeidd med faste dekker og tilhøyrande fortau er ferdigstilt, jf. § 2.3.

Nabotilhøve

Søknaden er nabovarsla og her er ikkje motteke merknader i saka.

Tilkomst, vatn og avløp

Det er planlagt å nytte eksisterande privat tilkomst fram til omsøkt parsell, og søkjar oppgjev at tilkomst er sikra.

Parsellen skal såleis ha tilkomst via fylkesveg (Fv 564) og vidare via privat veg f_KV02 og f_KV03. Deretter ynskjer søkjar at parsellen skal kunne nytte allereie opparbeidd tilkomst til eigedom 22/233.

Det er ikkje planlagt vatn og avløp til framtidig eigedom.

Vurdering:

Omsøkt formål er i samsvar med reguleringsplan, og tilkomst er sikra ihht. reguleringsplan.

Parsellen skal ha tilkomst via fylkesveg og vidare via privat veg. Deretter ynskjer søkjar at parsellen skal nytte allereie opparbeidd tilkomst til naboeigedommen.

Illustrasjonsplan syner at tilkomst til dei ulike einingane/eigedommane er planlagt frå veg f_KV03. Det er planlagt at kvar eining/bedrift skal løyse sin trong for tilkomst og parkering for eininga.

Administrasjonen meiner at det er viktig å ivareta gode og sikre tilkomst til dei ulike einingane, og at kvar eining difor må opparbeide eigen tilkomst frå veg f_KV03. Dette er eit næringsområde der det må påreknast ein del trafikk med stor bil, og planlegging av tilkomst lyt ta høgde for det.

Naboeigedommen 22/233, som er NGIR, har i periodar mykje trafikk pga. levering av bos. Administrasjonen meiner det er uheldig at fleire einingar/bedrifter skal nytte tilkomstvegen som er planlagt til NGIR, og meiner difor at nye einingar lyt planlegge eigen tilkomst via veg f_KV03 slik illustrasjonsplanen syner.

Tilkomstveg skal prosjekterast i samsvar med føresegn § 2.2.3., og vegen kan søkjast om i samband med byggjesaka eller i separat søknad. Veg f_KV03 skal jf. planomtale vere 7 m brei med regulert køyrefelt på 6 meter, og ha delvis einssidig fortau i nordaust.

Administrasjonen er positiv til omsøkte frådeling, men meiner at tilkomst lyt ordnast på alternativ måte via veg f_KV03. Det er viktig at tilkomst, avkjøring og snutilhøve tomt vert planlagt godt, og vert tilrettelagt for stor bil. Det kan ikkje påreknast bruksløyve på omsøkt parsell før veg fram til tomte er ferdig opparbeidd jf. føresegn § 2.3.3.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, søknad om oppretting av ny grunneigedom på 1,5 da frå gbnr 22/218, i samsvar med søknad motteken 14.01.2015. Godkjenning vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det lyt sendast inn for godkjenning ny situasjonsplan i målestokk M = 1:500, og som syner tilkomst via veg f_KV03.

Når vilkåra er innfridde kan det haldast oppmålingsforretning.

Løyyet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistreing, jfr plan- og bygningslova § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anngunn Marie Gullbrå
Prosjektstyring Vest
Tore Johan Erstad

Postb. 66

5318

STRUSSHAMN

Mottakere:

Mjåtveit Næringspark AS

Grønamyrsv. 2

5353

STRAUME